

# NOREGS UNGDOMSLAG

DRAMMENSVEGEN 2  
OSLO

Oslo i mars 1943.

## *Til ungdomslagi.*

Det er no eit år sidan at styresmaktene fann det naudsynt å gjera Noregs Ungdomslag til den samlande og kulturelle ungdomssamskipnaden for bondeungdomen i landet.

Mange mistyda dette og trudde at no skulde den frilynde ungdomsrørla koma med i det politiske arbeidet. At dette var grunnlaus mistanke har me no fenge fullgode prov for. Det er gjeve klåre fyleregner um at einskildlagi skal driva arbeidet sitt som før, fullt i samsvar med samskipnaden sine lover og fyleregner.

Sume ottast òg at samskipnaden vilde verta ufri med -di han er knytt til Kultur- og Folkeopplysningsdepartementet. Men lovene åt Noregs Ungdomslag slår fast at samskipnaden er fri og sjølvstendig. Når han er knytt til Kultur- og Folkeopplysningsdepartementet, viser det berre at styresmaktene har stor tiltru til samskipnaden når det gjeld det sosiale og kulturelle reisingsarbeidet. Statsmaktene har også gjeve økonomisk stønad til løysning av ymse arbeidsoppgåvor.

### Lagsarbeidet i 1942.

Det har vore mange vanskar for einskildlagi i året som gjekk. Sume stader har dei havt so lite tillit til det nye styret i Noregs Ungdomslag og vore so skremde av dei usanne skuldingane som vart spreidd um kring nyordningi, at arbeidet vart heilt nedlagt. Mange har jamvel set det soleis at det var å taka stoda til krigen å arbeida i ungdomslagi no. At dette er meiningslaust er sjølv sagt.

Sume einskildlag har ikkje kunna arbeida fordi dei har vanta møtehus, — huset har vore nytta til andre fyremål. Det har òg vore vandt om ljós og brennefang. Til dette kjem òg at mange ungdomar har vore heimanfrå på anlegg osv.

Likevel må ein vera nøgd når ein ser attende på arbeidet i året som gjekk. Mange ungdomslag melder um auka interesse for lagsarbeidet og stor auke i talet på lagslemer. Nye ungdomslag er òg skipa. Dertil kjem at etter nyskipnaden auka talet på einskildlag i samskipnaden frå omlag 1100 til 1800 ungdomslag.

Noregs Ungdomslag tel i dag meir enn 70 000 lagsfolk. Det rår over meir enn 700 ungdomshus, kaffistovor, bondeheimar, kinematografar, gardsbruk, skogbruk, ungdomsskular og serlege arbeids-skular.

Dette er berre ein liten glytt av dei verdiar som gode menn og kvinner berga for ungdomslagi. Hadde ikkje umskipingi kome, hadde me truleg tapt desse millionverdiane og samskipnaden vorte oppløyst.

Trass i krise og vanskar kunde ein i fjor haust leggja fram til råds- og landsstyremote ei fyldig arbeidsmelding. Arbeidsmeldingi fortalte om reisingi av Nasjonalhøgskulen og Ættegranskingsinsti-tuttet. Det var oppgåvor som ein hadde dryfta gjennom mange år, men ikkje makta føra fram til løysing. Arbeidet med etterreisingi av St. Thomaskyrkja er godt i gjenge. Kyrkja skal verta ein røyndom om få år.

Skrivarstova er utbygd med visse deilder som kvar for seg styrer med økonomi — og sosialt, kulturelt og opplysnande arbeid.

#### Folkeviseleik og nasjonaldans.

I vinter har fru Dina Stave og frk. Magny Bjørnerem halde sers vellukka skeid i folkeviseleik og nasjonaldans i Fyresdal, Bergen, Gudbrandsdalen, Toten, Marnar og Trøndelag. Dei held fram med arbeidet sitt no i Nord-Østerdal og Molde. Me bed Dykk taka opp spørsmålet for eit slikt skeid for Dykkar lag i samarbeid med grannelagi. Leiklærarane våre vil hjelpe til. Skriv til oss om dette.

#### Foredragshjelp.

Me har lovnad på fleire ungdomstalarar som er viljuge til å vitja lagi med foredrag om ymse emne. Dei kan truleg hava med seg film eller ljosbilete. Ein slik kveld kan De skipa til leik etterpå.

#### Skog- og jordbrukskurs.

Fleire fylkeslag har bede oss skipa til stutte skeid i skogbruk og jordbruksfag. Det er tanken å hava stuttare skeid på i alt to kveldar. Det var bra om fleire lag kunde gå saman om slike. Me rår over dugande fagfolk til desse skeidi. Send melding til oss snarast råd er om De ynskjer ei slik praktisk tilskiping.

#### Teaterframningsyningar, opplæring i skodespelkunst o. s. b.

Samskipnaden tingar no med KomEDIATEATRET, Bergen, om å knyta dette til Noregs Ungdomslag. Tanken var då at teatret skulde halda fram som fast teater og som ambulerande. Ved det faste teatret

vert det skipa ein teaterskule som skal gjeva fri opplæring for ungdom frå bygdene med evnor og hug for teater. Likeeins skal teaterskulen gjeva råd, rettleiding og anna hjelp for spellag i einskildlagi. Det ambulerande teatret skal gjesta einskildlagi og gjev då råd og rettleiding om spelframsyning.

Det er også no arbeidt ut ei oppgåve over godkjende spelstykke til bruk i ungdomslagi. De kan venda Dykk til Skrivarstova å beda om denne oppgåva.

### St. Thomaskyrkja.

Det er vald ei landsnemnd til å fyrebu etterreisingi av Filefjellkyrkja. Formannen i arbeidsutvalet er bonde Ivar Opdal, Skogstad p.o., Valdres. Med i arbeidsutvalet elles er stasjonsmeistar Peter Leirah, Fagernes, Valdres, og ekspedisjonssjef Sigm. Feyling, Oslo. Det vert med det fyrste sendt ut eit opprop frå kjende menn og kvinner om å stydja etterreisingsarbeidet med pengeinnsamling. Me ventar at kvart ungdomslag over heile landet går inn for dette arbeidet, og gjer sitt beste for å få reist kyrkja på Filefjell, den gamle samlingsstaden for Austland og Vestland. Det vert arbeidt ut program til ein Filefjell-kveld som ungdomslagi bør hava i dette året.

Me minnar elles om den vesle boki me har gjeve ut om St. Thomaskyrkja. Ho kostar kr. 0,56 og kan tingast hjå oss.

### Bladet «Norsk Ungdom».

«Norsk Ungdom» har, som dei fleste truleg er viss med, kome i ny storleik og ny bunad. Bladet gjev rom til forteljingar, artiklar, skildringar og anna tilfang av forvitne for den frilynde ungdomen.

Bladet er no som fyrr bodstikka for samskipnaden. Gjenom fleire år har det vore plikt for ungdomslagi å halda bladet. Me bed Dykk vera merksam på dette.

Me vilde tykkja mun i om einskildlagi vilde senda melding om serlege samkomor, festar, stemnor, ymse skeid og andre tiltak til «Norsk Ungdom». Det vilde vera tenleg for bladet om einskildlagi nemner opp ein eller fleire ombodsmenn som tek seg av tingarsanking. Me har skipa til ei premietevling i tingarsanking. Fyrste premie er ein herresykkel. Sjå elles «Norsk Ungdom» for mars 1943. Bladet kostar berre kr. 9,— for året og kr. 5,— for halvåret. Ombodsmenn får 25 % av bladpengane for alle tingarane dei tek i mot. Det er også gildt om De får skipnad med forretnings eller posthus på staden som kan taka bladet i laussal. Det kostar kr. 1,— for kvart hefte.

### Skogplanting og dugnad.

Dette år må alle lag gå inn for skogplanting. Denne saki er no so viktig at ho må verta ein av dei fyrste på arbeidsprogrammet vårt.

Skogselskapi, landssamskipnaden og fylkeslagi vil elles stydja dette arbeidet. (Sjå «Norsk Ungdom» for mars 1943.)

Den gamle dugnaden eller grannehjelpi skal me òg taka oppatt. Det vilde vera gildt om ungdomslagi kunde gjera det. Serleg gjeld det å gjeva ei hjelpende hand i onnene hjå folk som elles ikkje har nemnande hjelp heime hjå seg.

### Almenne påbod.

Det vil vera kjent at styresmaktene har gjeve ymse påbod når det gjeld censur av program og plakatoppslag i ungdomshus. I sume høve har desse påbodi ført til mistydingar og misnøgje.

Etter oppmoding frå landsleidaren har Kultur- og Folkeopplysningsdepartementet vedteke at ikkje programmi til ungdomslagi skal verta censurert fyreåt. Når styresmaktene har synt oss denne tiltru, er det sjølvsagt i tillit til at lag i ikkje misbrukar denne. Gjer ein det, vil det få fylgjor som landssamskipnaden ikkje rår over.

Det er før gjeve påbod om at det skal vera oppslag frå staten i alle møtehus i landet. Noko undantak for ungdomshusi er ikkje gjeve.

Etter oppmoding frå landsleidaren har departementet vedteke at berre ei eller to plakatar kan setjast opp i ungdomshuset. Plakataane må hava positivt innhald. I tvilsål kan De anka saki inn for fylkeslagsformannen eller landsstyret.

Landsstyret vil til kvar tid på beste måte verna interessone og arbeidsoppgåvone åt Noregs Ungdomslag og stydja einskildlagi på alle vis. Me vonar å møte tillit og skynsemd. Aldri har me havt større oppgåvor til løysing enn nett no. I truskap mot ættararven vår vil me verna om den heilnorske kulturen og gjeva han uskadd over til dei som kjem etter oss.

Vyrdsam helsing  
for NOREGS UNGDOMSLAG  
**Eilev Trahaug,**  
landsleidar.

Øyvin Bolstad.

Asbjørn Berntsen.